



Referat

Vår referanse
22/885 22/6203

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Helge Kleppe

Dato
18.08.2022

Til: Helge Kleppe

Oppstartsmøte jf. PBL §12-8-privat reguleringsplan-Detaljeplan Mowi Rovde

Møtedato: 18.08.2022	Møtetid frå 10:00 til:12:00	Stad: Vanylven Rådhus
Møteleiar: Helge Kleppe	Referent: Helge Kleppe	
Til stades: Bjarte F. Frissvoll, Ose AS John-Ivar Sætre, Mowi Randi Aarønæs, Vanylven kommune Helge Kleppe, Vanylven kommune	Fråverande:	

Sakliste

Sak.	Referat	Frist	Ansvar
Bakgrunn	Mowi ASA har førespurd eit oppstartsmøte etter plan- og bygningslova § 12-8 som initiativtakar for privat detaljplan for regulering ved Sundnesbogen i Rovde. Ose AS v/Bjarte Friisvold er plankonsulent i arbeidet. Det er utarbeidd eit skriftleg planinitiativ til detaljplan, sist korrigert 26.07.22.		
Tiltakshavar sine planer for området	Bakgrunn for planinitiativet er Mowi sitt ynskje om å leggje til rette for utviding og auke av dagens produksjon av fisk på land ved Mowi sitt oppdrettsanlegget Sundnesbogen i Rovde. Dette for å auke snittvekter på smolten før utsetjing i sjø, som er eit viktig tiltak mot luseutfordringar. Samstundes ynskjer ein å leggje betre til rette for lasting av brønnbåt og transport på kjøll av fôr til anlegga. Målet med planen er: <ul style="list-style-type: none">• Å auke produksjon av smolt• Å leggje til rette for at fisk med større snittvekter kan setjast ut i sjø• Føre opp nye produksjonsbygg med nødvendige funksjonar• Kai for å betre transport på kjøll• Fulle ut i sjø for å auke næringsareal• Sikre at matjord blir brukt til matproduksjon• Sikre areal til gang- og sykkelveg• Tiltak for trafikktrygging (avkøyrslar) Plannamn: Detaljplan MOWI Rovde, del av gbnr. 111/1 m. fl. Planidentitet tildelt: 202201.		

Regelverk	<p>Reguleringa vert ei detaljplan jf. Pbl § 12-3.</p> <p>Møtepartane meiner planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU) og planprogram fordi:</p> <p>a) Kjem under krav i konsekvensutgreiingsforskrifta §6b:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arealbruk er delevis i samsvar med kommuneplan sin arealdel. Der omlag 1/3 av planframlegg er sett av til næringføremål. - Det er lagt opp til byggsmasse over 15000 m² BRA - Der vert lagt opp til å regulere og byggje kai for skip over 1350 DWT. <p>b) Kjem under krav i konsekvensutgreiingsforskrifta §8:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Planområde er om lag 120daa, og femnar om areal som nyttast til landbruk, næring, veg og sjøareal. - Ikkje lagt opp til avfallproduksjon eller utslepp. Lagt opp til RAS-teknologi (reinsing og resirkulering av vatn) og deponering/igjenbruk slam. - Inga auka for avorlege ulykker/katastrofar. - Ingen tiltak i verneområde, naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø. - Tiltaket kan påvirke sjølivet, konsekvens må vurderast. - Tiltaket vil ikkje skade truga artar, verdifull landskap, kulturminne, viktige mineralressursar eller friluftsliv. - Utfylling i sjø kan påvirke marint miljø i planområde. - Fyllingsfot vil ligge utanfor område avsett til utbyggingsområde i kommuneplan. -Omdisponering av LNF område som er dyrka 30daa. Må vurdere avbøtande tiltak. Sett krav til at matjord skal nyttast til matproduksjon. - Liten risiko for naturfare. 		
Planstatus	<p>I kommuneplanens arealdel (frå 2014) omfattar ynska planområde næringsområda E2 og E49 (berre akvakultur), delar av nautområde (N1) og småbåthamn (SH2), samt LNF ((Landbruk-, natur- og friluftsliv), NFFF1 (Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel), veg, gang- og sykkelveg.</p> <p>Etter kommunale føresegne er det berre gitt løyve til å etablere næring ved omåda E2 og E49 (berre for akvakultur), der det er naudsynt med tilflot eller anna tilgang frå sjø. Bygging av nytt næringsområde i LNF- og NFFF1-område må konsekvensutgreiast.</p> <p>Utviding av næringsområde i sjø må leggest inn i kystsoneplanen som utarbeidast.</p>		
Plankrav elles	<p>Byggehøgde er satt til maks 15 meter, men vert truleg lågare. Planen må ta utsikts-omsyn frå hytter og bustader i området, samt landskapsverknad.</p> <p>Krav om kunngjering : 1 avis (Synste Møre) og på kommunens internettside, off.mynde, naboar og grunneigarar.</p> <p>Planomriss må leverast digitalt ved oppstartsmelding.</p> <p>Plan må leverast digitalt med mulegheit for redigering, kart leverast i siste sosi-standard, teiknforklaring gjerne i eiga fil for redigering.</p> <p>Kravspesifikasjonar jf. kart- og planforskriften §§ 7-10 skal følgjast.</p> <p>Utbygger kjent med mulige krav til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kartlegging av grunnforhold i sjø og på land. - Kartlegging av forureina grunn. - Fagvurderingar av skredfare. - Fagvurderingar av flaum. - Trafikkutgreiing. - Vurdering av vegsystem (dimensjoneringsklasse, vegnormal, kryss/avkøyrslø, sanering av avkøyrslø). - Støyutgreiing. - Arkeologisk undersøking av dyrkajord og kulturminne 		

Vanylven kommune
Rådhuset
6143 Fiskå

www.vanylven.kommune.no
postmottak@vanylven.kommune.no

Sentralbord: 700 30 000
Org. nr: 964 978 622
Kontonr: 3972.07.00151

	<p>vurderingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vurdere konsekvens av klimaendring. - Vurdere vass, avløps- og overvasshandtering. - Vurdere påverknad av friluftsliv. - Vurering av nytt kaianlegg. - Bygningmasse vurdering. - Vurdere avbøtande tiltak for strandsone. - Mangfald vurdering. - Påverknad av landskap vurderast. - Verknad av utfylling i sjø. - Påverknad av barn og unge. - Folkehelse påverknad. - Landbrukspåverknad vurderast. <p>Tiltakshavar ynskjer at oppstart av regulering ved Rovde vert forankra politisk. Saka vert derfor teke opp i formannskapet i august 2022.</p>		
Kostnader	<p>Kommunen føreset at tiltakshavar tek alle kostnader med reguleringa fram til 1.høyring. Dersom det etter 1.høyring vert krav om konsekvensutgreiing, arkeologiske undersøkingar eller andre utgreiingar må søkjar dekke dette - dersom ein vil gå vidare med planen.</p> <p>Eigen avtale om dette må inngåast.</p> <p>Gebyr vert belasta tiltakshavar etter kommunens regulativ.</p>	<p>Før 1.gongs Utlekking.</p> <p>Bet.frist etter 1. handsaming av planforslag i f.skapet.</p>	<p>Kommunen</p> <p>Kommunen</p>

Med helsing

Helge Kleppe
kommunalsjef

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Bjarte F. Frissvoll
John-Ivar Sætre
Randi Aarønæs